

Forskrift om fredning av statens kulturhistoriske eiendommer

Kapittel 5 - Fredete eiendommer i Landbruks- og matdepartementets landsverneplan for Bioforsk


BIOFORSK JORD OG MILJØ,SVANHOVD

Kommune:
2030/Sør-Varanger

Gnr/bnr:
20/71
19/1

AskeladdenID:
161012

Referanse til landsverneplan:
Kompleks 1858



Omfang fredning

| Byggnavn | Oppført | Bygningsnr. | Gnr/bnr | Omfang |
|-----------------|-------------|-------------|---------|--------------------|
| •BESTYRERBOLIG | 1935 - 1936 | 193101151 | 20/71 | Eksteriør/Interiør |
| •DRENGESTUE | 1935 | 193167535 | 20/71 | Eksteriør |
| •DRIFTSBYGNING | 1937 | 193101135 | 20/71 | Eksteriør |
| •STABBUR | 1939 | 193101186 | 20/71 | Eksteriør |
| •TIDL. HØNSEHUS | 1947 - 1950 | 193101143 | 20/71 | Eksteriør |
| •UTOMHUS | | | 20/71 | Utomhus |
| •VAKTTÅRN H96 | 1954 | Ukjent | 19/1 | Eksteriør/Interiør |



Forskrift om fredning av statens kulturhistoriske eiendommer

Kapittel 5 - Fredete eiendommer i Landbruks- og matdepartementets landsverneplan for Bioforsk

Fredning kompleks


- Omfang:** Fredinga omfattar tunet og alléen inn til forsøkgarden, med hovedbygning, drengestue, stabbur, hønsehus og driftsbygning. Fredinga omfattar i tillegg vaktårnet som ligg eit stykke frå garden. Fredinga skal sikre einskildbygningane, den innbyrdes samanhengen til bygningane samt kulturhistoriske verdiar knytte til anlegget som heile.
- Formål:** Formålet med fredinga er å ta vare på Svanhovd som forsøks- og demonstrasjonsgard og administrasjonssenter for norsk bureising i Pasvikdalen.
- Begrunnelse:** Svanhovd vart etablert i 1934 som Statens demonstrasjons- og forsøkgard med læringeplassar for at bureisarane med sjølvsyn skulle få sjå korleis eit moderne gardsbruk skulle drivast. Svanhovd spela ein vesentleg rolle når det gjeld bureisinga i Pasvikdalen. Oppbygginga av Svanhovd var ein del av ein aktiv statleg politikk for å sikre norsk busetting i grenseområdet mot Finland, der det også var finsk og samisk busetting. Svanhovd er eit av svært få bygningsmiljø i Øst-Finnmark som ikkje vart brend ned i 1945. Anlegget som vart bygd opp før krigen er tatt godt vare på i sin opphavelig tilstand og utgjer ein verdifull heilskap. Anlegget har høg bygningshistorisk verdi og står som eit sjeldan eksempel på landbruksarkitektur som følgje av statleg engasjement i Finnmark på 1920-30 talet. Det er mange spor både i eksteriør og interiør som formidlar nasjonale ideal og ambisjonar på den tida. Anlegget er eitt av dei få verk av arkitekt Harald Sund som er att i Nord-Norge.

Forskrift om fredning av statens kulturhistoriske eiendommer

Kapittel 5 - Fredete eiendommer i Landbruks- og matdepartementets landsverneplan for Bioforsk

BESTYRERBOLIG

| | |
|-------------------------------|-------------------------------|
| Bygningsnr: | 193101151 |
| Gnr/bnr: | 20/71 |
| Oppført: | 1935 - 1936 |
| AskeladdenID: | 161012-6 |
| Referanse i landsverneplanen: | Bygning 5148 Kompleks 1858 |



Fredning bygning


- Omfang:** Fredinga omfatter bygningens eksteriør og interiør og inkluderer hovudelement som konstruksjon, fasadekomposisjon, planløsning, materialbruk, overflatehandsaming og bygningsdelar som vindauge, dører, gerikter, listverk, eldstader, pipeløp over tak, og detaljar som skilt og dekor m.v. Fast inventar som skåp, omnar, tekniske installasjonar m.v. er freda som del av interiøret.
- Formål:** Formålet med fredinga er å ta vare på styrarbustaden som representant for ein villatype i nyklassistisk stil og som ein viktig del av tunet som viser Svanhovd som forsøks- og demonstrasjonsgard og administrasjonssenter for norsk bureising som ledd i koloniseringa av Pasvikdalen.
Formålet med fredinga er vidare å sikre hovudstrukturen i det arkitektoniske uttrykket og detaljeringa så som fasadeløysing, opphavlege og eldre delar som dører og vindauge, samt materialbruk og overflater. Formålet med fredinga av interiøret er å oppretthalde opphavleg rominndeling med opphavlege og eldre bygningsdelar, overflater og materialbruk, belysning, armaturar og detaljar, samt opphavleg, fast inventar.
- Begrunnelse:** Styrarbustaden vart oppført samstundes med fire andre bygningar og inngår som ein viktig del av tunet. Denne bygningen er saman med dei andre eit av dei få byggverk som står att etter arkitekt Harald T. Sund. Bygningen og bygningsmiljøet fortel om bureisinga og koloniseringa i Pasvikdalen, forsøksverksemda og staten sin sentrale rolle i området.

Forskrift om fredning av statens kulturhistoriske eiendommer

Kapittel 5 - Fredete eiendommer i Landbruks- og matdepartementets landsverneplan for Bioforsk

DRENGESTUE

| | |
|-------------------------------|-------------------------------|
| Bygningsnr: | 193167535 |
| Gnr/bnr: | 20/71 |
| Oppført: | 1935 |
| AskeladdenID: | 161012-5 |
| Referanse i landsverneplanen: | Bygning 5150 Kompleks 1858 |



Fredning bygning


- Omfang:** Fredinga omfattar bygningens eksteriør og inkluderer hovudelement som konstruksjon, fasadekomposisjon, materialbruk, overflatehandsaming og bygningsdelar som vindauge, dører, pipeløp over tak og detaljar som skilt og dekor m.v.
- Formål:** Formålet med fredinga er å ta vare på drengestova som ein viktig del av tunet som viser Svanhovd som forsøks- og demonstrasjonsgard og administrasjonssenter for norsk bureising som ledd i koloniseringa av Pasvikdalen.
Formålet med fredinga er vidare å sikre hovudstrukturen i det arkitektoniske uttrykket og detaljeringa så som fasadeløysing, opphavlege og eldre delar som dører og vindauge, samt materialbruk og overflater.
- Begrunnelse:** Drengestova vart oppført som husvære for dei tilsette og vart bygd samstundes med fire andre bygningar og dannar ein viktig del av tunet. Denne bygningen er saman med dei andre eit av dei få byggverk som står att etter arkitekt Harald T. Sund. Drengestova er del av eit bygningsmiljø som fortel om bureisinga og kolonialiseringa av Pasvikdalen, forsøksverksemda og staten sin sentrale rolle i området.

Forskrift om fredning av statens kulturhistoriske eiendommer

Kapittel 5 - Fredete eiendommer i Landbruks- og matdepartementets landsverneplan for Bioforsk

DRIFTSBYGNING

| | |
|-------------------------------|-------------------------------|
| Bygningsnr: | 193101135 |
| Gnr/bnr: | 20/71 |
| Oppført: | 1937 |
| AskeladdenID: | 161012-4 |
| Referanse i landsverneplanen: | Bygning 5151 Kompleks 1858 |



Fredning bygning


- Omfang:** Fredinga omfattar bygningens eksteriør og inkluderer hovudelement som konstruksjon, fasadekomposisjon, materialbruk, overflatehandsaming og bygningsdelar som vindauge, dører, pipeløp over tak og detaljar som skilt og dekor m.v.
- Formål:** Formålet med fredinga er å ta vare på driftsbygningen som ein viktig del av det gamle tunet som viser Svanhovd som forsøks- og demonstrasjonsgard og administrasjonssenter for norsk bureising som ledd i koloniseringa av Pasvikdalen.
Formålet med fredinga er vidare å sikre hovudstrukturen i det arkitektoniske uttrykket og detaljeringa så som fasadeløysing, opphavlege og eldre delar som dører og vindauge, samt materialbruk og overflater.
- Begrunnelse:** Bygningen vart oppført samstundes med fire andre bygningar og dannar ein viktig del av tunet. Denne bygningen er saman med dei andre eit av dei få byggverk som står att etter arkitekt Harald T. Sund. Bygningen og bygningsmiljøet fortel om staten si satsing i kolonialiseringa av Pasvikdalen, forsøksverksemda og staten sin sentrale rolle i området.

Forskrift om fredning av statens kulturhistoriske eiendommer

Kapittel 5 - Fredete eiendommer i Landbruks- og matdepartementets landsverneplan for Bioforsk

STABBUR

| | |
|-------------------------------|-------------------------------|
| Bygningsnr: | 193101186 |
| Gnr/bnr: | 20/71 |
| Oppført: | 1939 |
| AskeladdenID: | 161012-2 |
| Referanse i landsverneplanen: | Bygning 5155 Kompleks 1858 |



Fredning bygning


- Omfang:** Fredinga omfattar bygningens eksteriør og inkluderer hovudelement som konstruksjon, fasadekomposisjon, materialbruk, overflatehandsaming og bygningsdelar som vindauge og dører.
- Formål:** Formålet med fredinga er å ta vare på stabburet som ein viktig del av det gamle tunet som viser Svanhovd som forsøks- og demonstrasjonsgard og administrasjonssenter for norsk bureising som ledd i koloniseringa av Pasvikdalen.
Formålet med fredinga er vidare å sikre hovudstrukturen i det arkitektoniske uttrykket og detaljeringa så som fasadeløysing, opphavlege og eldre delar som dører og vindauge, samt materialbruk og overflater.
- Begrunnelse:** Stabburet vart bygd omlag samstundes med dei andre bygningane i tunet i samband med opprettinga av Svanhovd, og av den grunn del av eit verdifullt bygningsmiljø som fortel om staten si satsing og forsøksverksemda. Stabburet er saman med dei andre bygningane ein viktig del av tunet.

Forskrift om fredning av statens kulturhistoriske eiendommer

Kapittel 5 - Fredete eiendommer i Landbruks- og matdepartementets landsverneplan for Bioforsk

TIDL. HØNSEHUS

| | |
|-------------------------------|-------------------------------|
| Bygningsnr: | 193101143 |
| Gnr/bnr: | 20/71 |
| Oppført: | 1947 - 1950 |
| AskeladdenID: | 161012-3 |
| Referanse i landsverneplanen: | Bygning 5152 Kompleks 1858 |



Fredning bygning


- Omfang:** Fredinga omfattar bygningens eksteriør og inkluderer hovudelement som konstruksjon, fasadekomposisjon, materialbruk, overflatehandsaming og bygningsdelar som vindauge, dører, pipeløp over tak og detaljar som skilt og dekor m.v.
- Formål:** Formålet med fredinga er å ta vare på det tidlegare hønse- og grisehuset som ein viktig del av det gamle tunet som viser Svanhovd forsøks- og demonstrasjonsgard og administrasjonssenter for norsk bureising som ledd i koloniseringa av Pasvikdalen. Formålet med fredinga er vidare å sikre hovudstrukturen i det arkitektoniske uttrykket og detaljeringa så som fasadeløysing, opphavlege og eldre delar som dører og vindauge, samt materialbruk og overflater.
- Begrunnelse:** Huset vart bygd omlag samstundes med dei andre bygningane i det indre tunet på Svanhovd. Denne bygningen er saman med dei andre eit av dei få byggverk som står att etter arkitekt Harald T. Sund. Bygningen og bygningsmiljøet fortel om kolonialiseringa av Pasvikdalen, forsøksverksemda og staten sin sentrale rolle i området.

Forskrift om fredning av statens kulturhistoriske eiendommer

Kapittel 5 - Fredete eiendommer i Landbruks- og matdepartementets landsverneplan for Bioforsk

UTOMHUS

| | |
|-------------------------------|----------------------------------|
| Bygningsnr: | |
| Gnr/bnr: | 20/71 |
| Oppført: | |
| AskeladdenID: | 161012-1 |
| Referanse i landsverneplanen: | Bygning 9903458 Kompleks 1858 |



Fredning utomhus


- Omfang:** Fredinga omfattar utomhusanlegga med areal, terreng, strukturar som park, hage, gardsrom og grøntområde, hovudelement som vegar, stigar, dekke, belegg, vegetasjon og annan grøntstruktur samt konstruksjonar som gjerde, portar, murar. Avgrensinga av fredinga er markert på kartet med blå skravor.
- Formål:** Formålet med fredinga er å ta vare på det opphavslege tunet på Svanhovd med bjørkeallé som del av forsøks- og demonstrasjonsgard og administrasjonssenter for norsk bureising i Pasvikdalen som ledd i kolonialiseringa av Pasvikdalen.
- Begrunnelse:** Bygningsmiljøet er prega av eit indre gardstun som opnar seg når ein kjem frå bjørkealléen inn på tunet. Svanhovd er i tillegg til flate jordbruksareal omkransa av slake lier med bjørk og furuskog.

Forskrift om fredning av statens kulturhistoriske eiendommer

Kapittel 5 - Fredete eiendommer i Landbruks- og matdepartementets landsverneplan for Bioforsk

VAKTTÅRN H96

| | |
|-------------------------------|--------------------------------|
| Bygningsnr: | Ukjent |
| Gnr/bnr: | 19/1 |
| Oppført: | 1954 |
| AskeladdenID: | 161012-7 |
| Referanse i landsverneplanen: | Bygning 11737 Kompleks 1858 |



Fredning bygning

- Omfang:** Fredinga omfattar bygningens eksteriør og interiør og inkluderer hovudelement som konstruksjon, fasadekomposisjon, planløysing, materialbruk, overflatehandsaming og bygningsdelar som vindauge, dører, gerikter, listverk, eldstader, pipeløp over tak, og detaljar som skilt og dekor m.v. Fast inventar som skåp, omnar, tekniske installasjonar m.v. er freda som del av interiøret.
- Formål:** Formålet med fredinga er å ta vare på tårnet som vart bygd som vaktårn under "den kalde krigen". Formålet med fredinga er vidare å sikre hovudstrukturen i det arkitektoniske uttrykket og detaljeringa så som fasadeløysing, opphavlege og eldre delar som dører og vindauge, samt materialbruk og overflater. Formålet med fredinga av interiøret er å oppretthalde opphavleg rominndeling med opphavlege og eldre bygningsdelar, overflater og materialbruk, belysning, armaturar og detaljar, samt opphavleg, fast inventar.
- Begrunnelse:** Dette tårnet og det tidlegare tårnet som brann ned synleggjer både den norske koloniseringa av Pasvikdalen og forsvaret si rolle i området, og då spesielt i perioden under "den kalde krigen". Det tidlegare tårnet som stod her vart bygd til turistformål i mellomkrigstida og brukt som vaktårn av okkupasjonsmakta under andre verdenskrig.